



Aarbakke A/S

KULTURSKULESTIPEND

Time



Kulturskule

Tildelingsreglar for kulturskulestipend, gitt av Aarbakke A/S.
Søknadsfrist er 12. februar.

Dette er eit stipend som skal motivera, skapa engasjement, inspirera og gje påskjøning. Den som vert tildelt stipend får ein sjekk og eit diplom som er utforma av kunstnaren Bente Olsen.

Stipendsummen vert delt i fleire stipend:

à kr.4000,- for elevar i 8. til 10. klasse.

à kr.8000,- for elevar i vidaregåande skule.

Det kan variera frå år til år kor mange som får stipend.

Storleiken på stipendet kan i framtida endrast, men ikkje overstiga kommunen sitt eige kulturstipend. Dersom kommunestrukturen endrar seg i framtida, må ein ta opp tildelingsreglane på nytt. Tildelingsreglane kan evaluerast og verta endra.

Kriterium for å kunne søkje om stipend:

Søkjaren bur i Time kommune.

Søkjaren er i opplæring innan musikk, dans, drama eller kunstfag.

Søkjaren går i 8. - 10. klasse og er elev ved Time kulturskule/medlem i eit av skulekorpsa eller går på vidaregåande skule.

Søkjaren har ei positiv innstilling til å opptre/visa fram og dele med andre det han/ho held på med innan musikk, dans, drama eller kunstfag.

Søkjaren må grunngje kvifor han/ho søker stipendet og kva dette skal verta brukt til.

Søkjaren kan søkje sjølv eller ein vaksen kan senda inn søknaden.

Ein kan søkje fleire gonger og få stipendet inntil to gonger. (8.-10.klasse/vidaregåande skule)

Tildeling:

Tildelinga er årlega.

Søkjaren må oppfylle kriteria som er sette for å kunne søkja.

Innsats, interesse og dugleik er element som vert vurderte ved tildeling.

Grunngjevinga som søkjaren har framstilt i søknaden vert teken med i vurderinga.

Plangruppa ved kulturskulen er det råd som vel ut kven som får stipend.

Plangruppa er samansett av administrasjon og lærarar ved kulturskulen.

Tildelinga skjer om våren i eit arrangement i kulturskulen sin regi.

Oppgåver til den som får stipend:

Ha eit sceneinnslag på tildelingsarrangementet aleine eller i ei gruppe.

Etter avtale med Aarbakke, delta på eit arrangement i bedrifta i løpet av året.

Første tildeling var våren 2005.